



Pål Dale(t.v.) under temakvelden med Magnar Kartveit i april.

I går hadde prostiprest Pål Dale avskjedsgudsteneste i Stord kyrkje. Dale har vore prostiprest i Sunnhordland prosti sidan 2008, og han har vorte godt kjend med kyrkjelydane i Kvinnerad. Han har mellom anna hatt mykje teneste i Uskedal kyrkje, og uskedelingane har sett stor pris på tenesta han har gjort her i bygda.

Pål Dale var sokneprest i Odda før han byrja som prostiprest i Sunnhordland og busette seg på Halsnøy, heimstaden til kona Gunn Judith. Før han gjorde teneste i Odda var han kapellan i Strand i Ryfylke og misjonær i Hong Kong.

Gjennom åra som prostiprest har han gjort mykje teneste i Uskedal kyrkje. Då Kristian Due, som i si tid var kapellan i Husnes med ansvar for Uskedal sokn slutta, vikarierte Dale i påvente av ny prest. Også etter at Lina Håland vart tilsett, har Dale gjort teneste her i bygda. Pål Dale er ein prest bygdefolket har sett pris på. I tillegg til gudstenester i kyrkja har han også hatt gudstenester både på Skorpo og på Rødtunet. Mange hugsar han også frå gode samtalar i samband med dåp, bryllup og gravferder. Også i samband med konfirmantundervisning har han tredd støttande til. Han har også møtt som kyrkja sin representant i Uskedal sokneråd.

Ei spesiell hending frå tida hans her i prostiet vart landskjend. Det var i samband med ein barnedåp i Nysæter kyrkje på etterjulsvinteren 2009. Det var full stopp på vatnet i kranen. Dermed vart innkjøpt Bon Aqua løysninga, og det vart dåp med sitronsmak. Denne historia vart svært populær og gjekk landet rundt i alle aviser og andre mediakanalar.

Dale er kjend som svært musikkinteressert, og av mange interesser som han heilt sikkert vil få betre tid til no, er turar med seglbåten og skiturar om vinteren.

Avskjedsgudstenesta i Stord kyrkje i går var ei svært fin markering av overgangen til pensjonisttilværet. Heile den næraste familien med kona Gunn Judith, sonen og dei to døtrene var til stades. Prost Theodorsen og kantor Furdal deltok også på gudstenesta.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland